



Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Dato: 01.04.2019
Vår ref.: 2014/13889-139
Saksbehandlar: evevaul
Dykkar ref.:

Trafikksikker kommune - eit styrka lokalt trafikksikringsarbeid

Til ordførar og rådmann

Hordaland fylkeskommune og kommunane har saman med mange andre ein felles visjon: Nullvisjonen om ingen drepne eller hardt skadde i vegtrafikken. Saman jobbar me langsiktig og systematisk for å førebyggje og redusere talet drepne og hardt skadde. Eit styrka trafikksikringsarbeid i Hordaland skal gjere nullvisjonen meir oppnåeleg enn den er i dag. Både fylkeskommunen og kommunane er viktige aktørar når det kjem til trafikktryggleik. Kommunen som aktør er til dømes vegeigar, barnehage- og skuleeigar, arbeidsgjevar, kjøpar av transporttenester og ansvarleg for innbyggjarane si helse og trivnad. I tillegg har kommunen etter folkehelselova eit ansvar for å førebyggje ulykker.

Eit betra og meir systematisk trafikksikringsarbeid i kommunane gir kommunen eit trygt lokalmiljø, færre skadar, eit bra omdøme og nøgde innbyggjarar. Hordaland fylkeskommune ynskjer å vere ein pådrivar for eit styrka lokalt og heilskapleg trafikksikringsarbeid, og vil følgje opp målsetjingar frå Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2018–2021 om å bidra til fleire kommunar inn i «Trafikksikker kommune»-samarbeidet. Arbeidet med godkjenningsordninga skjer i samarbeid mellom kommunen, Hordaland fylkeskommune og Trygg Trafikk. Godkjenninga er eit kvalitetsstempel for godt, målmedvite og heilskapleg arbeid med trafikktryggleik, og sikrar at kommunen etterlever lov- og regelverk på ein god måte. Det er i dag 91 kommunar i landet som er godkjent, seks av desse i Hordaland, og tilbakemeldingane er svært positive. Arbeidet for å bli godkjent er eit godt verktøy i tråd med folkehelselova sine intensjonar, og medfører ingen økonomiske utlegg for kommunen anna enn tid og ressursar for å forankra arbeidet i eigen organisasjon.

Vi oppmodar no kommunar som ynskjer eit meir systematisk fokus på trafikktryggleik om å søkja om å bli tatt opp i «Trafikksikker kommune»-arbeidet. Om de vil ha ei grundigare innføring i godkjenningsordninga, kan Trygg Trafikk koma til dykkar kommune for å orientere rådmannen si leiargruppe og/eller formannskapet/kommunestyret. De kan også retta spørsmål til samferdsleavdelinga v/ rådgjevar Even Vaular (e-post: even.vaular@hfk.no, telefon: 488 93 912). Rettleiar for konseptet ligg vedlagt.

Send søknad til Hordaland fylkeskommune på e-post hfk@hfk.no. Me vurderer søknadane fortløpande.

Jon Askeland
leiar i fylkestrafikksikringsutvalet (FTU)

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Rettleiar for ein Trafikksikker kommune - HFK og Trygg Trafikk